Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Plan for forvaltnings- revisjon 2012-2016	22.05.12 sak 11/12	18.09.12, sak 22/12	22.10.12 sak 101/12	I 4-års perioden	Laga av KPMG as
Selskapskontroll					
Plan for selskaps- kontroll 2012-2016	-	18.09.12 sak 21/12	22.10.12, sak 100/12	I 4 års perioden	Laga av sekretariatet
SIM IKS	21.12.11 sak 25/11	18.09.12 sak 20/12	22.10.12, sak 102/12	Ingen frist	Deloitte as
Andre saker					
Overordna analyse for forvaltningsrevisjon	22.05.12-	18.09.12, sak 22/12	22.10.12 sak 101/12		Laga av KPMG as

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ii. Særskilte eigenskapar ved mottakarar (kjøn, alder/skuletrinn, eventuelt andre)

b. Kva er dei vanlegaste grunngevingane for at elevar får tilbod om spesialundervisning?

2. Kva er dei viktigaste/ mest sentrale årsakene til at talet på timar brukt til spesialundervisning er høgt?

Alternativ B – her vil vi gjennomføre ein **måloppnåingsanalyse** der vi kartlegger dei meste sentrale mål og føringar som gjelder for Sveio kommunen knytt til spesialundervisning, og deretter vurderer kor vidt dei er blitt etterlevd:

1. Kva lokale retningslinjer og føringar har Sveio kommune knytt til spesialundervisning og i kva grad vert disse fylgt i praksis?

2. I kva grad vert overordna, sentrale retningslinjer og lovverk knytt til spesialundervisning fylgt i kommunen?

Eit tredje alternativ vil kunne vere å samanlikne omfanget av spesialundervisning i Sveio kommune med seg sjølv over tid og med andre, samanliknbare kommunar.

Slik prosjektet blir presentert, er ressursbruk estimert til 200 timar. I budsjettet for 2014 er det sette av kr 373.000 til revisjonstenester. I summen ligg også kostnadene til rekneskapsrevisjon, og fratrucket den, vil ramma kunne dekke kostnadene til dette prosjektet. Det vil seie at det meste til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for 2013 vil då vere disponert.

Kontrollutvalet er bede om ta stilling til kva dei ønskjer med prosjektet, dvs at utvalet skal velje om det skal vere gjort **ei årsaksanalyse** eller **ei måloppnåingsanalyse** eller **ei samanlikning** med andre kommunar.

Sekretariatet si vurdering

Sekretariatet stiller seg undrande til at revisor meiner at utvalet må velje mellom ulike alternativ. Slik vi ser det er det naturleg at alle problemstillingane som er omtala inngår i prosjektet. Vi vil vise til eit liknande prosjekt som blei utarbeida i sørfylket i 2008 for Sola kommune hvor mye av dette inngår i deira prosjekt/rapport.

Sola kommune sitt prosjekt om «*Tilpasset opplæring og spesialundervisning*» var også på 200 timar og hadde følgjande føremål og problemstillingar:

Formålet med prosjektet er å vurdere organisering og samarbeidsrelasjonar som sikrer at retten til tilpasset opplæring og eventuell spesialundervisning blir oppfylt.

Hvordan blir PP-tjenesten ivaretatt i kommunen?

- *Hvordan følger PPT selv opp tjenestetilbudet, herunder styring og organisering?*
- *Hvordan er samarbeidet mellom PPT, brukere og samarbeidspartnere?*

Hvordan blir tilpasset opplæring og spesialundervisning ivaretatt på skolene i kommunen?

- *Hvordan bli tjenestetilbudet fulgt opp, herunder styring og organisering?*
- *Hvordan er samarbeidet mellom spesialundervisningen, brukere og samarbeidspartnere?*

Gjennomføres tjenesten i tråd med lovverket og vedtatte retningslinjer i kommunen?

- *Hvilke resultater oppvises i forhold til overholdelse av krav, saksbehandlingstider, klagesaker mv*
- *Hvilke resultater oppvises av målt mot andre kommuner, og hva skyldes ulikheter mellom kommunene?*
- *Hva er status på oppfølgingen av fylkesmannens tilsynsrapport ?*

Gitt at det avdekkes manglende overholdelse av lovverk eller vedtatte retningslinjer

- *Hva er konsekvensene av manglende overholdelse?*
- *Hva er årsaken(e) til at ordningen ikke fungerer optimalt?*

Kontrollutvalet må altså før bestilling komme med si vurdering om prosjektmandat, herunder innspel til føremål og problemstillinger for prosjektet.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG bede om at den vert unnateke offentlegheit, då den syner selskapets si disponering av ressurar. Sekretariatet har teke ut denne sida (s..6) med heimel i Off.love § 13/ Forv. Lov § 13 og legg den fram i møtet.

KPMG skriv at rapportering vil skje innan september. Utvalet skal ha møte 16. september og neste møte 25. november. Det vil være mest teneleg dersom rapporte var klar innan august slik at rapporten skal kunne bli lagd fram for kommunestyret i 3. oktober. Dersom det vert november vil saka komme opp i budsjettmøte 15. desember

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonprosjekt om spesialundervisning med følgjande formål:..... og aktuelle problemstillinger....., og elles i tråd med det utkast til prosjektmandat som ligg føre frå KPMG AS.

Rammen for prosjektet vert sett til maksimalt 200 timer.

Aksdal, 20.01.14



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



cutting through complexity™

Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

"Spesialundervisning"


Sveio kommune

20. januar 2014

VEDLEGG
SAK B/14

Haugaland
Kontrollutvalgsekretariat IKS
Mottatt dato: 20.01.14
Journalført: 14/29/14
Arkivkode: 217

Umntatto PP.
Opp. § 13/Før
S. 6



Innhold

1	Innleiing	1
1.1	Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt	1
1.2	Bakgrunn	1
1.3	Førebuingar	1
2	Føremål, problemstillingar og kriteria	3
2.1	Føremål og avgrensingar	3
2.2	Problemstillingar	3
3	Revisjonskriteria	4
4	Tilnærming	5
4.1	Metode	5
4.2	Aktivitets- og framdriftsplan	5
5	Utførande revisorar	7
6	Honorar	8

1 Innleiing

1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt

I møtet 13.11.2013 bad kontrollutvalet i Sveio kommune KPMG om å *legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt innan skulesektoren med alternative problemstillingar til neste møte..* Utkastet vil bli handsama i kontrollutvalsmøte 28.01.2013.

1.2 Bakgrunn

Skulesektoren/ spesialundervisning er eit prioritert tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016, som vart vedteke i kommunestyret hausten 2012.

I arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon blei spesialundervisning nemnt som eit aktuelt tema for ein forvaltningsrevisjon. Kommunen plikter å tilby spesialundervisning til elevar som har rett og behov for det i grunnskulen. Denne plikta til å yte spesialundervisning følgjer av opplæringslova, og spesialundervisning er ein viktig rett for elevar som har behov for det, dette for å meistre skulen.

1.3 Førebuingar

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan, som oppstiller relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen med utgangspunkt i kommunen sin Plan for forvaltningsrevisjon. Samarbeid og dialog med kontrollutval og kommuneadministrasjonen i førebuingssfasen er viktig, dette for å sikre at det vert tatt utgangspunkt i relevante og vesentlege problemstillingar.

KPMG vart i kontrollutvalsmøte 19. november 2013 bedt om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, og eventuelle avgrensingar og ressursbruk.

Som ledd i førebuingane av prosjektet har KPMG i tillegg gjennomført fylgjande aktivitetar i planleggingsfasen:

- Samtale med konstituert kommunalsjef for skule- og barnehagekontoret i Sveio kommune. Føremålet har vore å få innspel og synspunkt knytt til mellom anna organisering, rutinar og utfordringar.
- Samla inn og gjennomgått dokumentasjon frå kommunen. Det er hovudsakleg tale om dokumentasjon knytt til styringsdokument og planar som vedrører skulesektoren.

1.3.1 Om skulesektoren i Sveio kommune

Under er ei kortfatta og overordna skildring av skulesektoren i Sveio kommune. KPMG har valt å fokusere på spesialundervisning og tilrettelagt undervisning, då dette området framstår som den mest aktuelle vinklinga i ein forvaltningsrevisjon per i dag. Skildringa gir ikkje eit uttømmende bilete av kommunen sitt arbeid på dette området og skildringa er ikkje verifisert av kommunen. Skildringa gir soleis eit førebels bilete.

I fylgje årsmelding for 2012 har brutto driftsutgifter i Sveio kommune til skulesektoren auka med 65,8 % frå 2011-2012, og kommunen ligg høgare enn samtlige samanlikningsgrupper på brutto driftsutgifter, nettodriftsutgifter og løn.

Auka skuldast i all hovudsak at Sveio kommune er ein kommune i vekst. I følge Statistisk Sentralbyrå er folketalsveksten i kommunen forventa å auke frå 5409 innbyggjarar (pr. 01.07.2013) til 7066

innbyggjarar i 2030. Ei vekst i folketal, vil ofte bety ei vekst i kommunale tenester, noko som spelar inn på eit langsiktige tidsperspektiv i kommuneøkonomien.

I følgje rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2014-2017 har Sveio kommune per i dag ein andel på 19 % med born som er i barnehage og skulealder. 13 % av befolkninga er i aldersgruppa 67 år og oppover. Dette er svært positivt for Sveio kommune, men byr på visse utfordringar for barnehagar og skular.

Den kraftige veksten kan gi utfordringar for omdømet og gjera kommunen mindre attraktiv som bukommune, om det ikkje blir sikra stabile og føreseielege ressursar som gjer barnehagar og skular i stand til å yta det som er forventa både av føresette og sentrale styresmakter.

Vidare i økonomiplanen står det at det gjennom fleire budsjettprosessar har vore fokus på at skulane frå regjeringa har blitt tilført mange nye oppgåver. Budsjetta til skulane har likevel ikkje auka (tilstrekkelig) for å gi plass til fleire oppgåver. Det er og ei utfordring at ressursmangel reduserer skulane si satsing på tidleg innsats, delings og styrkingstimar.

I 2. tertialrapport frå 2013 går det fram at Sveio kommune sine resultat på nasjonale prøvar ligg under fylkes- og landssnitt. Det har i følgje rapporten vore høg prosent førekomst av mobbing i skulen og høg prosentdel elevar har spesialundervisning. Saman med arbeid for å auka gjennomstrømming i vidaregåande opplæring er desse områda peika ut som fokusområde i Sveio kommune sitt Folkehelsearbeid.

Ressursar til tidleg innsats og mindre tiltak for elevar som treng noko tilrettelegging finst i liten grad i Sveio skulen. Frå å ha vore godt under landsgjennomsnittet med tal på elevar med spesialundervisning i 2009 har dette talet stege dei siste tre åra. Ei av årsakene kan vera mangel på styrkingstimar som kan bidra til ei meir fleksibel organisering av ressursar for å fanga opp elevar som strevar.

KOSTRA-tal for 2012 viser at 8,4 % av elevane i grunnskulen mottar spesialundervisning. Dette talet er for høgt meiner skulefagleg rådgjevar i Sveio kommune. Det som er endå meir alarmerande er at om lag 20 % av det totale talet på læringstimar går med til spesialundervisning. Dette er meir enn både landsgjennomsnittet og snittet til samanliknbare kommunar.

Det høge talet på læringstimar kan tyde på at kommunen har eit forbettringspotensial når det kjem til å effektivisere spesialundervisningstimane. Det er og tenkeleg at andel timar til spesialundervisning kan verta redusert ved å styrke kvaliteten på ordinærundervisning og tidleg innsats. Tidleg innsats har vore eit fokusområde i kommunen, og på barnehagenivå blei det for ei tid tilbake oppretta eit ressursteam som skal jobbe med nettopp tidleg innsats og som skal sikre god overgang til skule.

2 Føremål, problemstillingar og kriteria

2.1 Føremål og avgrensingar

Det sentrale føremålet med prosjektet er å identifisere dei viktigaste årsakene til at omfanget av spesialundervisning i Sveio kommune er så høgt som det er. Det vil i den samanheng vere aktuelt å kartlegge omfanget av spesialundervisning.

Alternativt kan føremålet vere å kartlegge kva overordna og interne krav Sveio kommunen må forholde seg til når det kjem til spesialundervisning, og vidare undersøke i kor stor grad dei aktuelle krav blir fylgt i praksis.

Uavhenging av føremål vil revisjonen kome med tilrådingar i slutten av rapporten dersom det blir avdekkja forbettringspunkt.

2.2 Problemstillingar

Under følgjer nokre alternativ til problemstillingar.

Alternativ A – dette vil bli ein såkalla årsaksanalyse, der vi vil forsøke å belyse kvifor Sveio kommune bruker så mykje tid på spesialundervisning som dei gjer:

1. Kartlegge bruk av spesialundervisning i Sveio kommune
 - a. Kven mottar spesialundervisning?
 - i. Omfang og utvikling (inkludert differensiering mellom skulane)
 - ii. Særskilte eigenskapar ved mottakarar (kjøn, alder/skuletrinn, eventuelt andre)
 - b. Kva er dei vanlegaste grunngjevingane for at elevar får tilbod om spesialundervisning?
2. Kva er dei viktigaste/ mest sentrale årsakene til at talet på timar brukt til spesialundervisning er høgt?

Alternativ B – her vil vi gjennomføre ein måloppnåingsanalyse der vi kartlegger dei meste sentrale mål og føringar som gjelder for Sveio kommunen knytt til spesialundervisning, og deretter vurderer kor vidt dei er blitt etterlevd:

1. Kva lokale retningslinjer og føringar har Sveio kommune knytt til spesialundervisning og i kva grad vert disse fylgt i praksis?
2. I kva grad vert overordna, sentrale retningslinjer og lovverk knytt til spesialundervisning fylgt i kommunen?

Eit tredje alternativ vil kunne vere å samanlikne omfanget av spesialundervisning i Sveio kommune med seg sjølv over tid og med andre, samanliknbare kommunar.

3 Revisjonskriteria

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen.

Ved val av revisjonskriteria vert det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

Aktuelle kjelder til å utleie revisjonskriteria vil kunne vere:

- LOV 1998-07-17 nr. 61: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) Kapittel 5 (om spesialundervisning)
- FOR 2006-06-23 nr. 724: Forskrift til opplæringslova
- Ot.prp. nr 46 (1997-98) Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Ot.prp.nr 55 (2003-2004) Om lov om endringer i opplæringslova og friskolelova
- Veileder om kravet til skoleeiers "Forsvarlige system" i henhold til opplæringslovens § 13-10. Utdanningsdirektoratet,
- St.meld nr. 30 (2003-2004) "Kultur for læring"
- St.meld nr. 31 (2007-2008) "Kvalitet i skolen"
- St.meld nr.16 (2006-2007) "... og ingen stod igjen"
- St.meld nr 18 (2010- 2011) "Tidlig innsats og bedre læring for elever med særskilte behov".
- Kommunen sine interne planar, rutinar, mål etc. knytt til opplæring.

4 Tilnærming

4.1 Metode

I første omgang vil vi samle inn det kommunen har av dokumentasjon som er relevant i høve til teamet i denne forvaltningsrevisjonen. Dokumentasjon vil bli nøye gjennomgått og analysert.

Det vil deretter bli gjennomført intervju med tilsette i kommunen som har kjennskap til - eller ansvar for - spesialundervisning og tilrettelagt opplæring. Det kan til dømes være skulesjef, rådmann, tilsette ved skule- og barnehagekontoret, lærarar og rektorar, tilsette ved PPT mm.

Det kan og verte aktuelt med panelsamtalar med føresette som har elevar i skulen som mottar spesialundervisning.

Ved gjennomføring av intervju vil det bli utarbeida intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skrive referat som vert sendt respondenten(e) til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigerings). Svar frå respondentar vil bli analysert og samanstillt med øvrig dokumentasjonen. Våre funn vil deretter bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

4.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan. KPMG ber om at vår aktivitets- og framdriftsplan vert unnateke offentlegheit, då den syner KPMG si disponering av ressursar.

5 Utførande revisorar

5.1.1 Team KPMG

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av:

Partner Willy Hauge

Prosjektleiar Manager Unni Sørensen

Prosjektdeltakarar (kjerneteam)

- Manager Kari Hesjedal
- Senior Associate Ingwill Strand
- Manager Øivind Hauge Støle (fagressurs)

6 Honorar

Iht. avtale

Kontakt oss:

Willy Hauge

Partner

T +47 40 63 96 63

E willy.hauge@kpmg.no

Unni Sørensen

Manager

T +47 40 63 93 86

E unni.sorensen@kpmg.no

kpmg.no

© 2014 KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.

The KPMG name, logo and "cutting through complexity" are registered trademarks or trademarks of KPMG International Cooperative ("KPMG International").



SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.01.14	4/14
Kommunestyret	17.02.14	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

KONTROLLUTVALET - ÅRSMELDING 2013

Vedlegg: Utkast til kontrollutvalet si årsmelding for 2013

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2013 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2013 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval godkjenner årsmelding for 2013.

OG INNSTILLING:

Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2013 til orientering.

Aksdal, 21.01.14

Toril Hallsjø

Daglig leiar/utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2013



KONTROLLUTVALET
SVEIO KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2013.

I følge kommunelova § 77 pkt. 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret*”.

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011 - 2015 har Sveio kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer

Leiar	Håkon J. Skimmeland (A)
Nestleiar	Kirsti Henden Tveitaskog (Sp)
Medlem	Andreas Bårtvedt (H)
Medlem	Tor Røkenes (V)
Medlem	Oddbjørg Hovland (MDG/SV)

Pers. varamedlemmer:

Heidi Nilsen Njøen (A)
Lars Vierdal (Sp)
Kåre Ekrene (H)
Bjørnar Økland (MDG/SV)
Hildur Larsen (Kp)

Håkon J. Skimmeland er også kommunerepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Hun har til nå ikkje møtt i utvalet. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han møtte sjølv to gonger i fjor. Det same har økonomisjef og kommunalsjef/fung. rådmann, medan kommunalsjef IKT og kommunalsjef skule har møtt ein gong.

Kommunestyret vedtok eige reglement for kontrollutvalet i møte 30.01.12, sak 2/12.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2013

Kontrollutvalet har i 2013 hatt 5 (5) møte fordelt på tre om våren og to på hausten. Møta på våren var lukka, då utvalet ikkje hadde bestemt noko anna, slik lova opna for. Som følge av lovendring frå 01.07.13 er no møta opne, med unnatak av når det er heimla i lov å lukke. Utvalet har halde sine møte i kommunehuset.

Utvalet har hatt 31 (27) saker til handsaming og 29 (30) saker til orientering. 6 av sakene har vore lagd fram for kommunestyret. Sjå oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet som vedlegg til årsmeldinga.

På Kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund 06.-7.02.13 var ingen frå Sveio. Etter samtykke frå ordførar deltok leiar på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn på Gardermoen 05.-6.06.13. Leiar deltok også på dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 07.11.13.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegnar, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 16.04.13 kommunen sin årsrekneskap for 2012 til handsaming. Revisor orienterte om sitt arbeid og var fornøyd med tilrettelegging og god dialog med administrasjon. Det var ikkje tatt inn atterhald eller presiseringar og kontrollutvalet hadde heller ikkje merknader til årsrekneskapen.

Totalt sett blei rekneskapen for 2012 gjort opp med eit driftsunderskot på kr 0,6 mill. kr eit underskot i investering på 6,4 mill. kr. Årsoppgjersbrevet blei ikkje sendt før 27.08.13 og tilbakemelding til kontrollutvalet på det revisor meiner kommunen bør endre rutinar på, er det ikkje komme skriftleg tilbakemelding på slik økonomisjefen lova.

Uttale til rekneskap for og Ryvarden Kulturfyr KF og Stien Eigedom KF blei godkjent i same møte. Kontrollutvalet hadde heller ikkje her merknader til rekneskapa.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen.

Sveio kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 22.10.12, sak 101/12. I planen er det tatt med sju prioriterte prosjekt.

Utvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan helse og omsorg i møtet i april etter at KPMG la fram framlegg til prosjektmandat i møte i januar og eit meir detaljert i april. Ramma vart sett til 150 timar for prosjektet.

Rapporten om budsjett- og økonomistyringa i pleie og- og omsorgseininga blei oversendt og presentert utvalet og administrasjon i møte i november. Revisor hadde då sett opp fem tilrådingar. Leiar gav ros for ein lettlest rapport og for grundig arbeid, men sakna noko meir konkretisering. Han gav også honnør til administrasjonen for det som var gjort i løpet av året.

Fung. rådmann meinte rapporten gav eit rett bilete av situasjonen. Administrasjonen hadde gjort ulike grep og fleire ville komme, mellom anna bestillerkontor frå nyttår..

Rapporten vart lagt fram for kommunestyret i desember og rådmannen har fått eit halvt år på seg til å gje tilbakemelding om oppfølginga av rapporten.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2012-2016 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 22.10.12, sak 100/12.

Det er i planen lagt opp til at det i løpet av perioden skal gjerast ein gjennomgang av kommunen sin eigarinteresser i selskap.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG AS som revisor i møte 27.03.12, sak 25/12. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Willy Hauge med kontor på Stord. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og ein eller fleire revisorar har møtt på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Kontrollutvalet fekk i januar orientering frå kommunalsjef IKT om rutinar og system for handtering av personopplysningar i kommunen. I april var møte rådmannen og han orienterte om resultateininga teknisk. I juni møte kommunalsjef Gilje og orienterte om resultateiningane innan helse og omsorg.

I september møtte avtroppande kommunalsjef Rødeseike og orienterte om einangane innan oppvekst og kultur.

I november møtte fung. rådmann og avtroppande økonomisjef og orienterte om framlegg til budsjett 2014 og økonomiplan. Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

Etter ynskje frå utvalet møtte rådmannen i september og gjorde greie for prosessen rundt anskaffing av ny prestebustad og om Ekrene næringspark. Utvalet valde ikkje å følgje sakane vidare.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

ANSVARsomRÅDE 10010	REGNSKAP 2013	BUDSJETT 2013	UTVALET SITT- FRAMLEGG
REVISJON OG KONTROLLUTVAL			
Godtgjersle, kurs, m.m	37 849	52 000	63 000
Revisjonstenester (avt m/private)	?	300 000	355 000
Sekretariatstenester ((IKS)	141 000	150 000	141 000
Sum utgifter	?	502 000	559 000

Kontrollutvalet handsama hausten 2013 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2014. Framlegg til budsjett var på kr 560.000 eks mva. Timetalet til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll ligg på eit minimum.

4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS kom i drift i 2005.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap (Deloitte, KPMG, BDO og Rogaland Revisjon), andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Året 2013 har vore eit normalår heilt til midten av desember då det blei hektisk som følge av arbeid med anbod på ei gransking. Sekretær for Sveio kontrollutval har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har i løpet av 2013 oppgradert sine heimesider. Nå blir mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar lagt ut på heimesidene fortløpande.

Frå Sveio kommune er Håkon J. Skimmeland vald til representantskapet i IKSet med Oddbjørg Hovland som varamedlem. Ingen av dei møtte på møtet 07.05.13.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2013 har vore som planlagt. Forvaltningsrevisjonsrapport om budsjett- og økonomistyring i pleie- og omsorgstenesta blei bestilt og lagt fram for kontrollutval og kommunestyre. Ved sekretariatet har det endeleg vore eit normalår.

Sveio, den 28.01.14
Kontrollutvalet i Sveio

Håkon J. Skimmeland (A)
(sign.)leiar

Kristi Henden Tveitaskog (Sp)
(sign.)

Tor Røkenes (V)
(sign.)

Andreas Bårtvedt (H)
(sign.)

Oddbjørg Hovland (MVGSV)
(sign.)

Saker til behandling:

- 1/13 Godkjenning av protokoll frå møte 27.11.12
- 2/13 Referatsaker 22.01.13
- 3/13 Utkast til prosjektmandat for forvaltningsrevisjon – Helse og omsorg
- 4/13 Kontrollutvalet si årsmelding 2012
- 5/13 Rutinar/system for personopplysningshandtering i Sveio kommune
- 6/13 Statusoversikt over kontrollutvalet sine prosjekt pr jan. 2013
- 7/13 Plan for orientering om støtte- og resultateiningane

- 8/13 Godkjenning av protokoll frå møte 22.01.13
- 9/13 Referatsaker 16.04.13
- 10/13 Orientering om resultateininga teknisk
- 11/13 Sveio kommune – uttale til årsrekneskapen for 2012
- 12/13 Ryvarden Kulturfyr KF – rekneskap og årsmelding 2012
- 13/13 Sveio Bufellesskap FK – rekneskap 2012 m/noter
- 14/13 Prosjektmandat – forvaltningsrevisjon av pleie- og omsorgstenestene

- 15/13 Godkjenning av protokoll frå møte 16.04.13
- 16/13 Referatsaker 11.06.13
- 17/13 Tertialrapport, revidert budsjett 2013 og økonomiplan 2014-17
- 18/13 Orientering om resultateiningane innan helse og omsorg

- 19/13 Godkjenning av protokoll frå møte 11.06.13
- 20/13 Referat- og orienteringssaker 17.09.13
- 21/13 Orientering om resultateiningane innan oppvekst og kultur
- 22/13 Budsjett kontroll og tilsyn 2014 – kontrollutvalet sitt framlegg
- 23/13 Revisor si eigenerklæring 2013
- 24/13 Oppfølging av årsoppgjersbrevet for rekneskapsåret 2012
- 25/13 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2013

- 26/13 Godkjenning av protokoll frå møte 17.09.13
- 27/13 Referatsaker 19.11.13
- 28/13 Sveio kommunes budsjett 2014 og økonomiplan - rådmannen sitt framlegg
- 29/13 Oppfølging av revisors merknader til årsrekneskapet 2012
- 30/13 Forvaltningsrevisjonsrapport – Budsjett- og økonomistyring i pleie- og omsorgseininga
- 31/13 Møteplan for 2014
- 32/13 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2014

Saker til orientering

1. FKT- nytt – medlemsbrev nr 2/12
2. Skatteoppkreveren i Sveio – årsrapport og skatterekneskap 2011
3. Kontrollrapport 2011 vedk skattekrevjarfunksjonen i Sveio kommune
4. Innkalling- representantskapsmøte 26.04.13 – SIM IKS
5. Innkalling- repr.møte 07.05.13 – Haugaland kontr.utvalgssekretariat IKS
6. Invitasjon- FKT-konferansen 05.-06.13- Gardermoen
7. Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak frå 01.07.13

8. Kom.styrevedtak 06.05.13, sak 26–Nytt ansvar:10010 Revisjon og kontrollutval
9. Kommunestyrevedtak 06.05.13, sak 33 – Eigarskapsmelding 2012-2013
10. Pressemelding frå KDR – «*Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane*»
11. Kommunerevisoren nr. 3 – «*Antikorrupsjon i kommunene – mer enn kontroll*»
12. Statusrapport pr. juni 2013
13. FKT-konferansen 05. og 06.13 på Gardermoen
14. Ny prestebustad – prosessen rundt anskaffing
15. Ekrene næringspark
16. Rekneskapsoversyn- kontroll og revisjon for 2012 og deler av 2013
17. Statusoversikt for revisjon pr. september 2013
18. FKT-konferansen 2014 i Haugesund på Rica Maritim
19. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m.
20. Kommunebarometeret – tabell 2013 – Hordaland og Rogaland
21. Handbok i antikorrupsjon – «Beskytt kommunen!»
- 22.** Kontrollutvalets ansvar og oppgåver
23. Orientering frå Haustkonferansen i Sandnes 7. november
24. Kommunedagen 2013 – KPMG - seminar om off. innkjøp 04.12.13
25. NKRF Kontrollutvalgskonferanse 5.-6. februar 2014
26. Spørsmål om habilitet i AS og IKS – svar frå KRD
27. K-rapport - En av to ukjent med etiske retningslinjer i Trondheim kommune
28. Status pr. november 2013
29. Folkevaldopplæring for kontrollutval i Hordaland 6.-7.mars 2014 - Solstrand